

10 års-reunion

(Les denne teksta frå [Mobbeombudet i Malvik - Reunion 2031 | Facebook](#) Sett inn rett namn på klasse og skule for å tilpasse til dine elevar):

Du kjem inn i eit fint pynta rom. Der er langbord med kvite dukar, og pynt og lys på bordet. Der er ballongar i taket og ein stor banner på veggen, «10 A/B/C/D 10 år» står det på.

Det har no gått 10 år sidan de var ferdig på NAMN ungdomsskule. Det er året de fyller 26 år. De har gjennomført vidaregåande skule og forhåpentlegvis hatt ei knallfin russefeiring. Nokon har studert og nokon studerer kanskje enda. Nokon har flytta til Oslo, Trondheim eller Bergen. Nokon har fått ein spanande drøymejobb, og nokon har starta eige firma. Mange enda opp med kontorjobb, sjølv om dei aldri hadde trudd det. Fleire har blitt lærarar. Nokon har gifta seg og enda fleire har fått born. Nokon få av dykk syns livet er ein dans på roser. Dei fleste har opplevd at det kan vere skikkeleg kjipt innimellom. Nokon har halde kontakt med kvarandre og nokon har den same bestevenn som i dag. Dei fleste har knytt nye kontaktar og fått eit nettverk med vener som sett pris på dykk akkurat som dykk er.

Og så møtes de til reunion, alle som sit i dette rommet. De er 26 år, men når de som gruppe møtes igjen er de klasse 10 A/B/C/D. Då skal de mimre om dei åra de hadde her. De møtes igjen og vil tenke: «Der er han som var så glad i fotball og som det var stas å kome på lag med i gymmen. Der er ho som ikkje var nøgd med mindre ho fekk 5, eller aller helst 6, på prøva. Der er han som alltid var glad og som fekk meg til å smile. Der er ho som eg var forelska i, men som eg aldri turte å snakke med. Der er han som hadde det finaste smilet eg kunne tenkje meg, og som gav meg mitt første kyss. Der er han som brukte å skubbe meg i ryggen slik eg snubla i trappa. Der er ho som alle lærarane likte, men som blikka meg og snakka stygt om meg til andre. Der er han som flira når eg sa nokon feil i klasserommet og som fekk dei andre til å flire av meg også. Der er ho som målte meg med blikket, himla med augene og kviskra noko til venninnene sine. Der er han som alle var redd for å bli banka av. Der er han som kalla andre homo og tenkte at det var greitt. Der er han som eg ikkje likte å vere saman med fordi han var så frekk. Der er ho som alltid laga drama. Der er han som eg aldri blei kjent med. Der er ho som var så stille, nesten usynleg, som eg skulle ønske eg hadde snakka litt meir med. Her er eg. Eg lurar på kva dei andre tenkjer om meg?»

For de kjem til å hugse kvarandre resten av livet, og de kjem til å bli hugsa av kvarandre. Og de blir først og fremst hugsa for den følelsen de gav andre. Kven vil du bli hugsa som?